



Arbeidstilsynet

VAR DATO  
27.03.2017  
DYKKAR DATO

VAR REFERANSE  
DYKKAR REFERANSE

1

Jedlegg 8

VAR SAKSHANDSAMAR  
Ingvill Karin Holmen tlf 45418869

VOLDA KOMMUNE  
Stormyra 2  
6100 VOLDA

## Vedtak om samtykke på vilkår og gebyr Behandling av søknad om samtykke etter arbeidsmiljølova § 18-9

Gnr \_\_\_\_\_ - Volda - \_\_\_\_\_ - Volda kommune - \_\_\_\_\_

Vi viser til søknad om samtykke etter arbeidsmiljølova § 18-9 frå Mesterhus Sunnmøre.

Søknaden omfatter oppføring av \_\_\_\_\_ tilknytning til bustadane vert det bygd ein administrasjonsdel, med kontor, kvilerom, garderobe og fellesareal for aktivitetar og møter.

Fylgjande dokument er grunnlag for vår sakshandsaming:

- Søknad om Arbeidstilsynet sitt samtykke
- Dokument om aktuelle arbeidsmiljøfaktorar
- Dokumentert medverknad frå verneombod og arbeidsgjevar
- Dokumentasjon om ventilasjon
- Plan-, snitt-, og fasadeteikningar datert 13.01.2017
- Svar på Arbeidstilsynet sine spørsmål i e-post korrespondanse med Mesterhus datert 17.03.2017
- Uttale angående Arbeidstilsynet sine spørsmål frå leiar og verneombod ved rus og psykiatritenesta datert 22.03.2017.
- Omsøkt areal er oppgitt til å være 72,4 m<sup>2</sup>

### Vurdering

Arbeidstilsynet legg til grunn dei opplysningane som vi no har motteke i saka.

### Vedtak

Arbeidstilsynet gir med heimel i arbeidsmiljølova §§ 18-9 og 18-6 sjette ledd samtykke til planane på desse vilkåra:

1. Leiar og verneombod ved rus og psykiatritenesta ynskjer at det vert bygd dør mellom fellesrom og administrasjonsdel med tanke på dei tilsette sin tryggleik. Arbeidstilsynet set vilkår om at det vert bygd dør mellom fellesrom og administrasjonsdel. Vi viser her til arbeidsmiljølova § 4-4 (1)



2. Arbeidstilsynet set vilkår om at det rommet som skal nyttast til kvile/nattevakt har rømningsveg/nødutgang. Vi viser her til arbeidsplassforskriften § 2-21.
3. Før innredningsarbeid startar, må det sendast inn dokumentasjon til Arbeidstilsynet som viser at vilkåra som er sett vert fulgt. Dokumentasjonen må merkast med vårt saksnummer.

Vilkåra for dette samtykket skal følgast opp av tiltakshavaren, eventuelt i samarbeid med arbeidsgivarar/leigetakarar, jf. arbeidsmiljølova § 18-6 sjettede ledd. Sjå òg § 1-3 tredje ledd i forskrift om utforming og innretning av arbeidsplassar og arbeidslokale som regulerer ansvaret til utleigaren.

Samtykket blir gitt på bakgrunn av opplysningane og planane som låg føre på tidspunktet for vedtaket. Samtykket er ikkje ei godkjenning av lokala eller arbeidsplassen. At Arbeidstilsynet gir samtykke til planane, betyr ikkje at tilsynet går god for at alle krava til fysisk arbeidsmiljø er oppfylte. Det er tiltakshavaren/arbeidsgivaren som har ansvaret for at lova/forskriftskrava blir overhaldne, og at arbeidsmiljøet er tilfredsstillande under bruk.

#### **Innbetaling av gebyr**

Ifølge forskrift om utforming og innretning av arbeidsplassar og arbeidslokale § 9-1 og forskrift om administrative ordningar på Arbeidstilsynet sitt område § 14-1 skal det betalast gebyr til Arbeidstilsynet ved behandling av søknader etter arbeidsmiljølova § 18-9 første ledd. Gebyrsatsen er avhengig av kva type tiltak det er snakk om, og storleiken på bygget. For nærmare informasjon om gebyrordninga, sjå [www.arbeidstilsynet.no/gebyr](http://www.arbeidstilsynet.no/gebyr).

Ut frå opplysningar i søknaden har vi plassert tiltaket i kategori 2a og fastsatt beløpet til kr 2110,-.

Faktura blir sendt i eiga sending til deg som tiltakshavar. Dersom gebyret ikkje blir betalt innan fristen, vil kravet bli drive inn med tvang og med tillegg av kostnadsgebyr.

#### **De kan klage**

De kan klage på vedtak og gebyr frå Arbeidstilsynet etter reglane i forvaltningslova § 28. Fristen for å klage er tre veker frå de får dette brevet. For nærmare informasjon om klageinstans, framgangsmåte ved klage og retten til å sjå saksdokumenta, sjå [www.arbeidstilsynet.no/klage](http://www.arbeidstilsynet.no/klage).

#### **Behov for meir informasjon?**

De finn meir informasjon om Arbeidstilsynet og krav til arbeidsmiljøet på [www.arbeidstilsynet.no](http://www.arbeidstilsynet.no) eller [www.regelhjelp.no](http://www.regelhjelp.no), eller de kan kontakte oss på telefon 73 19 97 00.

Vi ber om at de viser til vår referanse 2017/11918 ved seinare kontakt/korrespondanse i denne saka.

Med helsing  
Arbeidstilsynet Midt-Norge



Jan Erik Rinnan  
tilsynsleder  
(sign.)

Ingvill Karin Holmen  
seniorinspektør  
(sign.)

*Dette brevet er godkjent elektronisk i Arbeidstilsynet og har derfor ingen signatur.*

Kopi til:  
Mesterhus Sunnmøre  
Verneombod for rus og psykiatritenesta

Henning Heltne